

Haust

No, når dei fyrste bølgiene etter storingsvalet har lagt seg, skal me som bur i Vaksdal velje oss nye sokneråd. Her er listene til valet.

Sokneråda ynskjer at så mange som mogleg røyster ved valet.

Difor er det høve til førehandsrøysting for alle sokna.

Dine meiningar vil telje når det kristne arbeidet hjå oss utviklar seg og møter krav om endring.



*"Låt oss gå med öppna händer
till de uppdrag du oss sänder."*

Val 2005

Gje kyrkja eit godt råd!

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf 90 19 65 14

E-post: soknepresten@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.


Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret

innan 10.november

Neste nummer kjem ut i slutten av november.



Gje kyrkja eit godt råd!

No når dei fyrste bølgjene etter storingsvalet har lagt seg, skal me som bur i Vaksdal velje oss nye sokneråd. Her er det lett å påverke valet! Du kan engasjere deg i det kyrkjelege arbeidet, kome i nær kontakt med rådsmedlemmane, og påverke arbeidet som kyrkjelyden gjer i ditt nærmiljø.

-Ynskjer du fleire gudstenester?

-Vil du delta i arbeidet rundt gudstenestene?

-Har du forslag til korleis ein kan drive ungdomsarbeid?

-Har du innspel til korleis kyrkjelyden bør møte nye innbyggjarar?

-Likar du trommer saman med orgelmusikken i gudstenesta?

Dine meiningar vil telje når det kristne arbeidet hjå oss utviklar seg, og møter krav om endring.

Lat ikkje kyrkja forfalle, ver med og puss opp! Du kan sitje med kunnskapar og tankar som fellesskapet har venta på å få del i.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de nedanfor.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Vakna

*Vakna, du som søv,
Stå opp frå dei døde,
Og Kristus skal lysa for deg.
Efesarane 5.14*

Ein av hausten sine store dagar i kyrkja er han som vert kalla: Hausten sin Påskedag. Hovudforteljinga på den dagen er då Jesus vekte opp sin gode ven Lasarus frå dei døde. Det skjedde ikkje lang tid før Jesus sjølv ble lagt i grava. Det var eit mektig teikn som fekk mange til å undra seg og kome til tru på Jesus.

Påske handlar om Jesus som stod opp for vår skuld. Hausten sin påskedag handlar om vår oppstode. Kristus har makt over døden. Det var faktisk tre gonger at Jesus vekte nokon opp. Kva er haust? Det er tida for å hauste inn grøde frå marka, frå trær og buske. Det er ei rik tid.

Kyrkja bruker bilete frå naturen og årstidene for å seie noko om evangeliet frå Gud. Vi er kalla til å hauste inn Gud sin eigen grøde som er menneske som kjem til tru på han i forkynning og misjon.

Han kallar oss som ein venleg far som kjem inn på rommet til borna sine om morgonen: No, må du vakna vesle ven. Natta er over. No er det dag. Men det er endå mørkt seier krabaten, og vil snu seg under dyna og søve vidare. Kom no, vask deg, kle deg, og kom og få mat. Eg skal kveikje ljuset for deg så det ikkje vert mørkt hjå deg. Det er eit bilete frå den heimelge scena.

Kallet til å vakna er ikkje berre på siste dagen, når Herren kjem att for å henta oss til sitt himmelske rike. Det er eit dagleg

kall og gjeld oss alle. Vi må vakna frå svevnen som lullar oss inn. Kva svevn er det? Det er likesæla. Det er svevnen som seier; eg bryr meg ikkje. Eg har ikkje tid. Det er vantrua sin svevn. Svevnen som seier: Kva skal vel eg med ein Gud? Eg klarar meg best sjølv.

Kristus har makt til å vekkje menneske. Han som attpåtil kunne vekkje Lasarus frå dei døde, skulle han ikkje òg kunne vekkje menneske til tru. Ei dagleg oppstode frå dei døde, er å stå opp til ein dag med forventning om kva Herren har å gje. Han som vil gje dei gode overraskingar. Han som er full av kjærleik. Han vil ikkje skremma oss til tru, men kalla oss til sjøve å vakna så vi med eigne auga kan få sjå ljuset frå himmelen som strålar ned på jorda. Det er det sola gjer kvar morgon sjølv om enkelte dagar kan vere overskya, tunge og grå. Ljuset treng likevel igjennom og fortel at no er det dag. No må vi vakna og stå opp. Så vil han som er Herren gå framom og visa vegen. Vi veit ikkje vegen sa disippelen Tomas. Eg er vegen, sanninga og livet, svara Jesus. Å vakna er såleis å opne auga for ein himmelsk herlegdom. Ein røyndom som er der midt iblant oss i vår mørke verd. Når vi ser han, kan vi gripe han. Himmelryket er kome nær. Stå opp og grip dagen.

Edvard Bø,
Kapellan

Gje kyrkja eit godt råd!

Kvifor har me soknerådsval?

Kvart fjerde år vert det valt nye råd i dei nær 1300 sokna i landet. Dette utgjer 9000 rådsmedlemmar og 6 500 varamedlemmar.

Den norske kyrkja sin organisasjonskultur er basert på at frivillige medlemmar i kyrkjelyden vert gjevne leiaransvar ved sida av, og saman med, kyrkja sine tilsette. Sokneråda er grunneininga i kyrkja sin rådsstruktur. Rådet har ansvar for den kristne undervisninga, omsorgsarbeid (diakoni) og kyrkjemusikk.

Soknerådet avgjer kva formål det skal samlast inn pengar til under gudstenesta, og korleis kyrkja skal brukast.

Soknerådet deltek i tilsetjingar av medarbeidarar i kyrkja etter nærare reglar.

Konfirmantane skal ha ei innhaldsrik konfirmanttid. Dette er ein viktig del av soknerådet sine oppgåver.

Felles sokneråd

Dei to største, og dei to minste sokna i Vaksdal går saman i ei forsøksordning med eit felles sokneråd, inntil vidare kalla VDBN sokneråd.

Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Nesheim sokn prøver ut ei ordning der ein ynskjer å utvikle det kyrkjelege samarbeidet på tvers av soknegrensene. Forsøksperioden varer i fire år. Mange av oppgåvene i små kommunar kan utførast av eit felles sokneråd, og frigjere ressursar til andre oppgåver. Eit kyrkjelydsutval i kvart av desse sokna får oppgåver som kan vere meir praktisk

retta. Her er det høve til å verte valt for to år, i staden for fire år som i soknerådet. Kan terskelen for å delta i kristent arbeid dermed verte lågare? Vil ein få kontakt med dei som gjerne kan tenkje seg å delta i arbeidet i og rundt kyrkja, men som i fyrste omgang kvier seg for fire år? Forsøksordninga er i gang. Mange spørsmål er stilte. Snart får me vite svaret.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet har andre oppgåver enn sokneråda.

Fellesrådet har ein representant frå kvar av sokna i Vaksdal, samt ein kommunal representant og ein av prestane. Med forsøksordninga som no startar, vert medlemmane i VDBN sokneråd samstundes medlemmar i fellesrådet. Sokneråda i Stamnes og Eksingedalen veljer ut ein av medlemmane sine til å verte representant i fellesrådet.

Fellesrådet er arbeidsgjevar for dei lokale kyrkjeleg tilsette, og har ansvar for drifta av kyrkjene og kyrkjegardane. Fellesrådet sender budsjettframlegg til kommunen, som etter Kyrkjelova § 15 skal løyve midlar til dei lovpålagte oppgåvene våre.

Kyrkjeverja er dagleg leiar for Vaksdal kyrkjelege fellesråd.

Gje kyrkja eit godt råd!

Orientering til veljarane

Dei fire sokna som deltek i forsøksordninga med felles sokneråd har to lister kvar. Den eine er val til soknerådet, den andre er til kyrkjelydsutvalet i kvart sokn. Det skal røystast på baa listene ved valet.

På soknerådlista skal det veljast 1 representant, og vara, på kyrkjelydsutvalet skal det veljast 3 representantar og 1 vara.

Den som vert valt til soknerådet, er og medlem i det lokale kyrkjelydsutvalet. Stamnes og Eksingedalen har ei liste, som ved tidlegare val.



Val 2005

TALET PÅ MEDLEMMAR:

Til Eksingedalen sokneråd skal ein velje 4 medlemmar og 5 varamedlemmar.

Til Stamnes sokneråd skal ein velje 6 medlemmar og 5 varamedlemmar.

Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Nesheim sokn skal velje ein representant kvar til det felles soknerådet. I tillegg skal det veljast kyrkjelydsutval i desse sokna.

Sjå elles meir informasjon om dette der du røyster.

RØYSTERETT:

Rett til å røyste har kvart medlem av Den norske kyrkja

- som bur i soknet
- som innan 31.12.2005 vil ha fylt 18 år
- som ikkje er frådømt røysteretten

RØYSESETEL:

Ein kan gjere rettingar på røystesetelen ved å

- stryke namn
- setje inn nye namn og merke av kor på lista namnet skal stå
- endre rekkefølga på namna
- kumulere namn på lista ved å skrive namnet ein gong til
- skrive "kum" ved namnet
- setje ein kryss ved namnet.

NB: Det er berre dei øvste plassane på røystesetelen, tilsvarande summen av medlemmer og varamedlemmar som skal veljast, som får røyster ved oppteljinga. Kumulering av namn ein sjølv fører opp på lista, vert ikkje godteke.

Soknerådsvæl i Vaksdal sokn

30. oktober 2005

Valet vert avvikla etter gudstenesta kl. 18.00.

Kandidatar til felles sokneråd, 1. Gudrun Boge Karlsen, 53 år
1 medlem, 1 varamedlem. 2. Margrete Jamne, 60 år

Kandidatar til kyrkjelydsutvalet, gul liste,
Veljast for 2 år. 1. Kari Bø
2. Kjell Nysted
3. Kristin Straume
4. Astrid Tonstad
5. Asle Georg Karlsen

Soknerådsvæl i Dale sokn

23. oktober 2005

Valet vert avvikla etter gudstenesta kl. 16.00.

Kandidatar til felles sokneråd, 1. Odd Dyvik, 59 år, Stanghelle
1 medlem, 2 varamedlemmar 2. Eli Leiren, 51 år, Stanghelle
3. Ragnhild Lønne, 69 år, Dale
4. Leif Kringlebotten, 29 år, Stanghelle
5. Atle Lerøy, 61 år, Stanghelle

Kandidatar til kyrkjelydsutvalet, gul liste,
3 medlemmar, 1 varamedlem,
Veljast for 2 år. 1. Reidun Dalseid
2. Gerd Hårvik
3. Palma Myklebust
4. Ingrid Leiren

Soknerådsvæl i Nesheim sokn

30. oktober 2005

Valet vert avvikla etter gudstenesta kl. 11.00.

Kandidatar til felles sokneråd, 1. Anne Synnøve Nesheim, 47 år
1 medlem, 2 varamedlemmar 2. Atle Bergo, 59 år
3. Oddvar Fosse, 63 år
4. Albert Gullbrå, 63 år
5. Sveinung Tyssen Bergo, 42 år

Kandidatar til kyrkjelydsutvalet, gul liste
3 medlemmar, 3 varamedlemmar,
Veljast for 2 år. 1. Frøydis Gullbrå
2. Solfrid Urke Nese
3. Albert Gullbrå
4. Asbjørn Nese
5. Anny Gullbrå
6. Magnar Nese
7. Lilly Brekkhus
8. Sveinung Tyssen Bergo
9. Oddvar Fosse
10. Atle Bergo
11. Anne Synnøve Nesheim

Soknerådsvæl i Bergsdalen sokn

30. oktober 2005

Valet vert avvikla etter gudstenesta kl. 11.00.

Kandidatar til felles sokneråd,

1 medlem, 2 varamedlemmar

1. Ragna Lid, 39 år
2. Anne Hilde Fosse Osvold, 36 år
3. Kari Mona Hernes, 44 år
4. Herborg Holt Lid, 61 år
5. Johannes Berge, 60 år
6. Kari Hopperstad Rødland, 39 år
7. Jorunn Brekke, 67 år
8. Anne Lise Berge, 42 år
9. Margunn Fosse, 67 år

Kandidatar til kyrkjelydsutvalet, gul liste

3 medlemmar,
3 varamedlemmar,
Veljast for 2 år.

1. Per Småbrekke
2. Berit Pettersen
3. Ragna Lid
4. Anne Hilde Fosse Osvold
5. Kari Mona Hernes
6. Kari Rødland
7. Aslak Berge
8. Jorunn Brekke
9. Anne Lise Berge
10. Johannes Berge
11. Herborg Holt Lid
12. Ragnvald Berge
13. Margunn Fosse
14. Helge Terje Fosse
15. Bjørg Fosse
16. Gerd Brekke

Soknerådsvæl i Eksingedalen sokn

16. oktober 2005

Valet vert avvikla etter gudstenesta
kl 11.00.

4 medlemmar, 5 varamedlemmar.

1. Nese, Britt, 48 år
2. Nesheim, Rune, 51 år
3. Fjellanger, Jostein, 55 år
4. Flatekval, Karin, 38 år
5. Brørvik, Kari, 41 år
6. Flatekval, Tone, 36 år
7. Eikefet, Bjørn, 41 år
8. Eriksen, Malena Brørvik, 45 år
9. Finne, Bjørn, 38 år
10. Haugen, Grete, 54 år
11. Trefall, Kåre Magnar, 44 år
12. Trefall, Jon, 45 år

Soknerådsval i Stamnes sokn

23. oktober 2005

Det skal veljast
6 medlemmar, 5 varamedlemmar

Stamnes sokn er i ei særstilling, då det er to kyrkjer i soknet. Difor er det mogleg å røyste i bae kyrkjene på valdagen.

Valet vert avvikla i Stamnes kyrkje etter gudstenesta, som startar kl. 11.00. Valet vert avslutta kl 13.30.

Det er samstundes høve til å røyste i Eidsland kapell frå kl 12.15 til 13.30.

Dersom det er nokon som har vanskar med å ta seg fram til vallokala, kan ein ta kontakt med

Marit Sandal, på tlf 56 59 80 23.

Førehandsrøystinga i Stamnes føregår på følgjande stader:

Eidslandet skule frå 17. til 21. oktober kl.09.00 til 13.00

Sakristiet i Stamnes kyrkje onsdag 19. oktober

kl.11.00 til 13.00 og kl.16.00 til 18.00

1. Monica Myster Dyvik, 32 år, Stamnes
2. Anne Margrete Eikefet, 47 år, Eidsland
3. Arnljot Møster, 67 år, Stamnes
4. Torunn Eikemo, 67 år, Eidsland
5. Olaug Lunde Stamnes, 50 år, Stamnes
6. Odd Helland, 67 år, Stamnes
7. Lisbeth Lunde, 38 år, Stamnes
8. Arne Vik, 53 år, Stamnes
9. Erna Vedaa, 69 år, Stamnes
10. Bjørg Dæmring Berge, 61 år, Stamnes
11. Marit Sandal, 74 år, Stamnes

I tillegg er det førehandsrøysting for alle sokna før valet, på Kyrkjekontoret på Dale, 10 til 21. oktober kl.10.00 til 14.00

Opplæring for nye sokneråd og fellestråd

Bispedømerådet og KA, Kirkelig arbeidsgiver – og interesseorganisasjon held kurs for dei folkevalte.

Sett i lyset av tidlegare røynsler når det gjeld kurs av dei nyvalde sokneråda og fellestråda vert det denne gongen lagt vekt på at opplæringsprogrammet går over noko tid. Ein kurskveld er ikkje nok, og det er uråd å gå gjennom alt som eit sokneråd vil kome bort i på ei så kort stund.

Kursinga startar denne gongen med prostivise samlingar som skal vere ein inspirasjons- og informasjonskveld.

Sokneråda i Vaksdal reiser til Voss den 21. november, og møter biskopen og kurshaldarane frå Bispedømekontoret.

I februar vert det kurs for fellestråda. I tillegg til dette skal kyrkjevevringene og prestane spe på med lokal informasjon. Det er viktig med ein god start på oppgåva som rådsmedlem, og ei "altfor bratt lærecurve" kan ta motet frå dei som skal fylle verva. Erfaringa viser at det meste går seg til etter kvart.

"Alle tiders salmar"

Eit prosjekt for og med konfirmantar

Som ein del av konfirmant-undervisninga har ein i Vaksdal prestegjeld hatt ulike musikal - og konsert liknande prosjekt. Mål for desse prosjekta er å gje konfirmantane gode felles opplevingar og å gje dei ei kjensle av meistring. Samstundes ynskjer ein å formidle den kristne budskapet. I november 2001 kunne ein høyre "Rykte om englar". I februar 2003 var det mange som såg: "Sjå meg", ein musikal med songar av Bjørn Eidsvåg. For konfirmantane 2005/2006 vert det eit salme-prosjekt, nemleg: "Alle tiders salmer".

"Alle tiders salmer" er eit prosjekt kor ein vil lyfte fram kyrkja sin salmeskatt. Ein ynskjer at fleire skal bli betre kjend med og glad i salmane. Det er eit stort mangfald i salmane både når det gjeld tekst og musikk. Dette er noko ein vil fokusere på, og på den måten syne det **spennande, kraftfulle og vakre i desse skattane**.

I tillegg til konfirmantane vert songkoret "Kilden" ein viktig medhjelpar. Vidare har ein fått med seg kreative og allsidige musikarar som **Tommy Kristiansen** – el gitar, **Per Jørgensen** – trompet og **Ivar Kolve** – slagverk. (Kanskje har ein noko meir på lur- ei overrasking?)

"Innpakkinga" når det gjeld lyd og lys, vert profesjonelt teke hand om av "Voss lyd". Ansvarleg for innøving og musikalske arrangement er kantorane Steinkopf.

Prosjektstart for konfirmantane vert under konfirmantweekendane no i september. Prosjektet endar opp med to konsertar **søndag 12. februar: Ein i Vaksdal kyrkje kl 16.00 og ein i Dale kyrkje kl 20.00**.

I den seinare tida har det vore fokus på verdien av å kjenne og kunne salmane. I vår hadde biskop Skjevesland eit utspel i avisa "Vårt land" kor han fremja ynskje om at skuleborn skal pugga salmevers. Han meinte det burde opprettast ei nasjonal liste over salmer og songar som alle skulle kunne utenat. Dette utspelet utløyste ein debatt og det var mange røyster som kom med sterke utsegn både for og imot. Då biskop Skjevesland kom med sitt salmeutspel i media var prosjektet "Alle tiders salmar" allereie på trappene. Kantorane i Vaksdal har lenge hatt eit ynskje om å løfte fram "salmeskatten". Dette prosjektet er ein måte å gjere det på.

Prosjektet kjem i staden for dei valfrie gruppeaktivitetane ein har hatt dei to siste åra.

Bjarne Thaule 100 år

Bjarne Thaule vart hundre år den 19. juli, og dagen vart feira med mange gjester, både i Forsamlingshuset og Bedehuset på Dale.

Bjarne var i mange år sundagsskulelærer på Dale, og elles tok han del i den kristne verksemda på heimstaden. Sitt yrkesaktive liv hadde han bak disken på "Handelsen", både i Gatå og på Skyttar-plassen.

Bjarne Thaule fekk gaver og helsingar frå mange. Her er det soknerådsleiaren for Dale, Eli Kringlebotten, som gratulerer.



KRISTENT ARBEID BLANT BORN OG

Kva	Kvar	Aldersgruppe	Tid	Kontaktperson
VAKSDAL				
Barnelag	Bedehus- kjellaren	3 år og oppover	Anna kvar torsdag kl. 17-18	Martha Bjørsvik, tlf. 56 59 70 77
Yngres	Bedehus- kjellaren	5.-7. klasse	Anna kvar onsdag kl. 19-20.30	Marit M. Alvheim, tlf. 97 18 68 41
KUL (Vaksdal Kristelege UngdomsLag)	Bedehus- kjellaren	8. klasse og oppover	Fredag frå kl. 20	Kjersti Nysæther Oppedal, tlf. 48 03 45 77
Kilden	Kyrkja	14 år og eldre	Fredag kl. 18-19.30	Kari Bø, tlf. 56 59 70 88

STANGHELLE

Sundagsskule	Bedehuset	4 til 10 år	Sundagar kl. 11-12	Arne Verpelstad, tlf. 56 59 50 57
Barnelag	Bedehuset	3 til 10 år	Anna kvar onsdag kl. 17-18	Anne S. Hol, tlf. 56 59 52 55
VING	Bedehuset	5. til 7. klasse	Anna kvar onsdag kl. 18-19.30	Åshild Rene, tlf. 99 16 57 14

DALE

Sundagsskule	Bedehuset	4 år og oppover	Sundagar kl. 10-11	Liv S. Sellevold, tlf. 56 59 61 72
Barnelag	Bedehuset	3 år og oppover	Anna kvar torsdag kl. 17-18	Marit M. Alvheim, tlf. 97 1 8 68 41

BERGSDALEN

Sundagsskule	Kyrkja	0 år og oppover	Anna kvar sundag frå okt. til april	Per Småbrekke, tlf. 56 59 89 68
---------------------	--------	--------------------	---	------------------------------------

UNGE I VAKSDAL PRESTEGJELD 2005-2006

Kva	Kvar	Aldersgruppe	Tid	Kontaktperson
STAMNES				
Baby- og småbarnssong	Bedehuset	0-4 år	Torsdagar kl. 10-12. Sjå oppslag	Hege Eilertsen, tlf. 95 97 27 26
Sundagsskule	Ikkje Bestemt	0 år og oppover	Sundagar	Torunn Vassenden, tlf 56 59 81 81
Barnekor	Bedehuset	4 år og oppover	Onsdagar til ut februar kl. 17-18	Liv S. Stamnes, tlf. 56 59 82 62
VING	Bedehuset	5. til 7. klasse	Fredagar (sjå oppslag)	Gerd Gammersvik, tlf. 56 59 82 10

EKSINGEDALEN				
Sundagsskule	Ei av kyrkjene	0 år og oppover	Sundagar kl. 11-12.30	Anne S. Nesheim, tlf. 56 59 59 44
Jenteforeining	Hjå Inger Lavik	6 til 16 år	Fredagar kl. 14.30-15	Inger Lavik, tlf. 56 59 58 19
Leir	Fagertun	6 år og oppover	I feriar og helger	Noregs Samemisjon, tlf. 55 31 65 06

BABYSANG I STAMNES BEDEHUS

Torsdagar kl 10.00 – 12.00

Datoar i haust: 20.oktober, 17.november, 1.desember

HURRA!!!!

Etter fleire år med pause, startar **Vaksdal Yngres** opp att denne hausten. Dette er eit tilbod til deg som går i 5, 6. og 7.klasse. Samlingane våre skal me ha i kjellaren i Vaksdal bedehus **annankvar onsdag kl. 19.00-20.30**. Fyrste samling vert onsdag 28.september. På kvar samling kjem me til å syngja saman, høyre ei andakt og more oss med ulike aktivitetar. Har du spørsmål, kan du ta kontakt med Marit på telefon 971 86 841.

Håpar me ser deg på yngres!

Helsing leiarane

Flott femtiårsfeiring i Bergsdalen



Borna tok og del i gudstenesta, her er nokon med i forbøna

Bergsdalen kyrkje kunne feire sine 50 år i sommar, og 12. juni var det fest! Gudsteneste, matøkt og festsamkome sto på programmet, og dei mange som kom fekk med seg mykje denne dagen. Skuleborna i dalen var med på inngangsprosesjonen i gudstenesta som innleia feiringa, og gledde dei framømte med sitt bidrag. Av tidlegare prestar kom berre Magne Steinnes, og det var prost

Knut A. Knudsen som preika. Hundreårsjubilanten Dale musikkforeining var med i gudstenesta, slik dei var då kyrkja vart vigsla 3. juli 1955, denne gongen var det Torsdagsklubben som stilte. Saman med kantorane våre og skuleelevar i Bergsdalen sytte dei for variert musikk både å syngja til og å lyda til.



Etter gudstenesta gjekk kyrkjelyden ut i prosesjon, og tok jamvel ein tur rundt kyrkja!

Matsserveringa fann stad både i kyrkjesalen og i ungdomshuset, og tradisjonsrik mat som dravle og rjomegraut sto på menyen, saman med hotdogs og sjølvsagt kaffi og kaker.

På festen etterpå var det Dale Mannskor som sto for det meste av det musikalske. I tillegg var det helsingar og gåver frå foreiningar og lag i dalen, frå dei andre kyrkjelydane, frå tidlegare sokneprest Magne Steinnes, og frå Vaksdal kommune ved ordførar Øivind Olsnes. Kari Berge hadde skrive prolog, som i hennar fråver vart lesen av mannen

Johannes, og Lisbeth Lid Venås las eige dikt som var skrive til jubileet. Høgdepunktet vart nok likevel for mange samtalen Ragna Lid hadde med Lars Lirhus frå Myrkdalen. Han var med på bygginga av kyrkja, og han fortalde levande og underhaldande om små og store utfordringar dei møtte under arbeidet.

Bergsdalen sokneråd gjev ut bok om kyrkja seinare i haust, boka ligg føre i slutten av november.



Lars Lirhus og Ragna Lid



På skulen hadde dei laga ein modell av kyrkja til jubileet. Kor mange sukkerbitar som gjekk med, er usikkert. Men dette må då vere ei av dei søtaste kyrkjene som finst!

Stor takk til skulen og skuleborna for deira bidrag til jubileumsfeiringa!

Ordinasjon av Anders Magne Tolås

Det vart ein festdag på Vaksdal då Anders Magne Tolås vart ordinert til prest søndag 26. juli. Mange var samla i kyrkja, og dei var med i ei lang og variert gudsteneste. Høgdepunkta var nok sjølvne forbønshandlinga i sjølvne ordinasjonsdelen, og Anders Magne si fyrste preik som prest.

Etter gudstenesta inviterte Vaksdal sokneråd til fest i Samfunnssalen. Programmet var variert og sprelsk, ikkje minst takka Anders Magne med vener, og mange kom med godord, gåver og lukkeønsker til nypresten.

PS I tillegg til ordinasjon og oppstart i ny jobb, har Anders Magne rukke å gifte seg i haust. Anders Magne har teke etternamnet til kona Lisa, slik at han no heiter Anders Magne Tolås Wendel.



Anders Magne og biskop Ole D Hagesæther

Familien Gullbrå attende i Nepal

6. september drog familien Gullbrå til Nepal att, etter nokre månader i gamlelandet. Noregsopphaldet nytta dei både til å få sitt tredje barn, Eivind Prakash, og til å få han døypt (sjå bilete) i Vaksdal kyrkje. Dei har og vore noko i Tibet-misjonen si teneste, og lokalt vore med på marknadsdag i Eksingedalen, og møte og gudsteneste på Vaksdal.

Det er ei spanande tid i haust, då avtalen mellom dei napalesiske styresmaktene og paraplyorganisasjonen United Mission to Nepal (UMN) går ut.



Dersom ikkje avtalen vert fornya, risikerer UMN at alle deira utanlandske arbeidarar står utan visum frå 25. november. Prosjektavtalen, der søknaden om visum og arbeidsløyve ligg, er klar frå UMN si side, men styresmaktene har ikkje underskrive ennå. I oktober tar styresmaktene i Nepal Dashain-ferie, og underskrivinga vert truleg utsett til etter han.

Ver med og be om at ein ny avtale går i orden! Kyrkjelydane i Vaksdal tek del i misjonsarbeidet mellom anna ved å ta opp takkoffer i kyrkjene og å be for familien og kyrkja i Nepal. Men oppfordringa går og til kvar einskild av oss, om å hugse på dei og tenesta deira i bøn.

Gullbrå si heimeside på internett har fått ny adresse: www.gullbra.net. Tibetmisjonen si heimeside finn ein på www.tibetmisjonen.no.

Til venstre: Kjartan, Ole-Johan (snart 5), Ingrid Marie (2), Elisabeth og Eivind Prakash (4 mnd)

K O N S E R T
med
SIGVART
DAGSLAND
i
VAKSDAL KYRKJE
Sundag 13. november
kl. 20.00
Bill. kr.170,-



K O N S E R T
I EKSINGEDALEN KYRKJE
Sundag 30.oktober kl.19.00



Foto: Vaksdalposten

Medverkande: Modalskoret, med dirigent Kjersti Wiik,
Kjersti Wiik, solosong
Linda Røyseth, kveding
Mari Odland Trefall, fiolin
Asbjørn Nese, orgel

Fellessong

Tilskipar: Eksingedalen sokneråd

Støls gudstenestar

Det har vore halde stølsgudstenestar med og utan støl over sumaren. I Bergsdalen hadde me ein fin tur til Liastølen i sumar. Den planlagde gudstenesta på Nesheimstølen vart flytta til Nesheim kyrkje grunna veret.



Frå Liastølen

Bergsdalen

Det har vorte ein fin tradisjon med gudstenestar på stølane i Bergsdalen. I år var det Liastølen sin tur. Det var etter forholda bra med folk som tok turen. Dagen var òg spesiell. Dette var den eigentlege 50-årsdagen for Bergsdalskyrkja. Etter gudstenesta på tunet mellom stølshusa, vanta det kaffi og kvit dame. Det er ikkje akkurat vanleg niste på ein stølstur, men ho smakte då særsgodt. Det vart gjentakning av fjoråret på den måten at veret var fint under

gudstenesta, så kom regnet. Då var det godt å ha ein fin støl å trekke inn i. Etter kakene fortalde Ragna Lid om støllivet her oppe i gamle dagar. Dette er kulturformidling av beste sort, og samstundes er det sunt å komme seg ut på tur. Praten gjekk livleg rundt borda, og born og hundar koste seg. Som avslutning måtte alle ta ein tur fram på berget og sjå den vakre utsikten ned mot gardane på Lid, før turen bar ned att. Takk til dei som stella i stand og opna båd stølshusa for oss!

Nesheim

På grunn av alt regnet og at elven var stri, måtte turen opp til stølen på Nesheim avlysast. Gudstenesta vart det likevel i Nesheimskyrkja der det langt frå var tomt i benkane. Nils L Nesheim inviterte så kyrkjelyden heim i det nye flotte huset sitt. Der fekk vi kaffi og nystekte vaflar, samt gode kaker. Så blei det ei annleis stølsdag likevel. Bror til Nils, Asle, opna ein fin samtale og forteljing frå stølen si historie. Særleg var det onkelen Storenils, Nils N Nesheim, som hadde mykje å fortelje frå gamle dagar. Så kom det etterkvart litt opplysningar frå både den eine og den andre. Rigmor, syster til Nils og Asle hadde vore budeie på stølen på slutten av 50-talet.

Vi fekk og høyre opplevingar frå ein familie som hadde leigd plass og budd på stølen ein heil vinter. Dei kunne fortelje om då vatnet stod så høgt at dei måtte krype gjennom vindaugget for å kome seg ut og inn. Me som sat der hadde øyro på stilk store som små. Dette vart ei historietime av dei beste. Takk til Nilsane og familien som hadde vilje til å gjere det beste ut av stølsdagen, sjølv om vi denne gongen ikkje fekk tatt turen opp i fjellet. Som Nils L sa det etterpå, så fekk alle høyre det som vart sagt, når vi var samla i stova. Det hadde ikkje vore so enkelt til elvesusen oppe på stølen. Vi gler oss til å bli kjende med fleire stølar i framtida, so vel i Bergsdalen som i Eksingedalen.

Stanghelle Sundagsskule 100 år!

Sundagsskulen på Stanghelle kan feire hundreårsjubileum i år, og fyrste søndag i september inviterte dei til feiring i Stanghelle bedehus. Det starta med familiegudsteneste, og gjekk over til matøkt og festprogram. Av programmet kan nemnast prolog av og med Sigrid

Stanghelle, helsing og gáver frá Bergens Søndagsskulekrets ved styremedlem Maris Hauge, helsing frá ordførar Øivind Olsnes, som og hadde med gáve frá Vaksdal kommune, og Jostein Rene sin samtale med fire generasjonar sundagsskuleborn.



Intervju med sundagsskuleborn før og no. Frå venstre Sigrid Stanghelle, May Britt Risesnes Iversen, Ingrid Synnøve Steinkopf, Jostein Kringlebotten (skjult) og Jostein Rene



Fest på kjerka i Messehagen på Dale vart det i år og. Denne gongen i august, med varmt sommarver og med mykje folk. Frå Sjømannskyrkja kom Terje Bjørdal og Odd Dyvik. Nytt av året var at Torsdagsklubben var med, til stor glede kyrkjelyden.

Slekters gang

DØYPTE

VAKSDAL

03.07 Mari Vik Dale
03.07 Håvard Olsen
03.07 Oddbjørn Grenasberg Ullevoldsæter
23.07 Eivind Prakash Faugstad Gullbrå

DALE

10.07 Christopher de Otoy Gribben
07.08 Anders Lid Toskedal
25.09 Haakon Tvetervås Terjesen

STAMNES

19.06 Hedda Straume Fyllingslid
19.06 Eivin Berntsen Bolstad

EIDSLAND

31.07 Viljar Herfindal

VIGDE

VAKSDAL

18.06 Åse Klausen og
Inge Magnar Hauståker
02.07 Linda Rongved og
Jan Kåre Brunsvik

DALE

11.06 Mai-Linn Jahren og
Roald Stormark

STAMNES

03.09 Berit Vassenden og
Knut Dalland

EKSINGEDALEN

09.07 Inger Marie Totland og
Asbjørn Lavik

AVLIDNE

VAKSDAL

15.07 Gunvor Terese Hansen, f.1930
16.07 Gunvor Albertine Ege Bjørsvik,
f.1907

26.07 Kenneth Løtvedt, f.1958
01.08 Nikolina Olufina Susanne
Magnussen, f. 1912
31.08 Else Ågot Helle, f.1913
01.10 Helge Audestad, f.1955

DALE

17.07 Maria Olsson, f.1919
12.06 Sigmund Dalseid, f. 1925
07.08 Gudrun Johanne Helle, f.1925
08.09 Betsy Vedå, f.1920
29.09 Arthur Solberg, f.1922
29.09 Anna Hesjedal, f.1908

STAMNES

16.06 Gunvor Aas, f.1925
13.08 Sonja L. Aas, f.1930

Gunvor Bjørsvik



Gunvor Bjørsvik døydde i sommar. Ho var fødd og oppvaksen på Vaksdal, og budde på Vaksdal dei åra ho ikkje var misjonær eller student.

I over 30 år var Gunvor misjonær i Kina, Hong Kong og Taiwan saman med sin mann, Lars. Ho har og vore prestekone her i Vaksdal, noko som ho kjende på som eit kall og ei oppgåve og etter at Lars døydde. Gunvor var aktiv i ulikt foreinings- og lagsarbeid som speidar, misjonsforeiningar og kor, og engasjert i bygdebokskrivning og i byggenemnd og støtteforeining for Vaksdal Sjukeheimen.

I mange år var ho innom Sjukeheimen kvar sundag, for å spele piano for "dei gamle", som ho sa, eller for å gå på romma og bad Fadervår og song for dei som låg der. Mange er dei ho har gjeve hjelp og trøyst på dette viset. I 2001 fekk Gunvor Kongens Fortenestemedalje i sølv.

Dei siste tre åra har Gunvor budd anten på Aldesheimen i Modalen, Daletunet eller Sjukeheimen, og der var det ho døydde på sin 98 ½ årsdag.

I gravferda kom det inn kr. 11.160,- til Det Norske Misjonsselskap.

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

VELKOMEN TIL KYRKJA

VAKSDAL KYRKJE

16.oktober kl.11.00 Høgmesse. Bø.
50-års konfirmantar. Offer til TV-aksjonen.

30.oktober kl.18.00 Tomasmesse.
Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. SOKNERÅDSVAL.

13.november kl.11.00
Familiegudsteneste. Kvamsøe.
Utdeling av Barnas kyrkjebok til 4-åringar. Offer til IKO – Kirkelig Pedagogisk senter.

27.november kl.19.00 Lysmesse.
Konfirmantane og Bø.
Offer til kyrkjelyds-arbeidet.

4.desember kl.18.00
Adventskonsert.

DALE KYRKJE

23.oktober kl.16.00
Familiegudsteneste. Kvamsøe.
Utdeling av Barnas kyrkjebok til 4-åringar. Offer til KFUK-KFUM. SOKNERÅDSVAL.

6.november kl.18.00 Lysvesper.
Kvamsøe. Offer til Menneskeverd.

20.november kl.18.00
Tomasmesse. Bø. Nattverd. Offer til Marita-stiftelsen.

Laurdag 26.november kl.16.00
Lysmesse. Konfirmantane og Kvamsøe. Offer til Ungdom i Oppdrag.

4.desember kl.11.00 *Sjå Stanghelle!*

STANGHELLE BEDEHUS

4.desember kl.11.00
Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Norges Samemisjon.

BERGSDALEN KYRKJE

30.oktober kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd. Offer til Norsk Misjon i Øst. SOKNERÅDSVAL.

STAMNES KYRKJE

23.oktober kl.11.00
Familiegudsteneste . Bø. Utdeling av Barnas Kyrkjebok til 4-åringar. Offer til barne- og ungdoms-arbeidet i kyrkjelyden. SOKNERÅDSVAL.

27.november kl. 16.00 Lysmesse.
Bø. Offer til Orgelfondet.

Laurdag 10.desember kl. 16.00
Advents-konsert.

EIDSLAND KAPELL

6.november kl. 11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi.

EKSINGEDALEN KYRKJE

16.oktober kl.11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. SOKNERÅDSVAL.

30.oktober kl.19.00 Modalskoret.

4.desember *Sjå Nesheim!*

NESHEIM KYRKJE

30.oktober kl.11.00
Familiegudsteneste. Kvamsøe.
Konfirmantpresentasjon. Offer til Søndagsskulen. SOKNERÅDSVAL.

20.november kl.11.00 Høgmesse.
Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

4.desember kl.16.00 Lysmesse.
Kvamsøe. Offer til Tibetmisjonen.
Utdeling av bøker til 4-og 6-åringar.

EIDSLAND KAPELL

Fredag 18. november kl.20.00

KONSERT

Innviing av ferdigstilt orgel